

## Saksprotokoll fylkestinget - 16.06.2021

1. Kor mange vindkraftanlegg er bygd, er under bygging og er godkjend men ikkje bygd i Vestland fylke - kor er desse lokalisert og kor store areal dekkar dei?
2. Kor mange vindkraftanlegg er det i tillegg søkt om, men er til ulike typar handsaming (t.d. planmeldt til NVE eller til ankehandsaming i OED - og kor er desse tenkt plassert i Vestland fylke - og på kor stort areal kvar?
3. Kva eigarselskap står bak dei ulike vindkraftprosjekta i Vestland fylke som er bygd, under bygging eller søkt om, og kor stor eigardel er utanlandske?
4. I fylkestinget i juni i fjor vart det m.a. vedtatt: «Vestland fylkesting vil ikkje ha utbygging av vindkraft i urørd natur eller på bekostning av viktige verdiar knytt til natur, landskap, kulturminne/kulturmiljø og reiseliv, og som er i strid med kommunestyrevedtak.» Når vedtaket er at fylkestinget ikkje vil ha utbygging i strid med kommunestyrevedtak, har fylkesordføraren utifrå dette sendt melding til NVE og OED om vårt syn i dei aktuelle sakene?

### Svar frå fylkesordføraren:

Det er fire vindkraftanlegg i drift i dag i Vestland. Desse er Guleslettene-, Hennøy-, Mehuken- og Midtfjellet vindkraftverk. To vindkraftverk er under bygging. Desse er Okla- og Lutelandet vindkraftverk. I tillegg er Dalsbotnfjellet vindkraftverk til klagehandsaming i OED etter at dei fekk konsesjon i 2013. Bremangerlandet vindkraftverk er under handsaming i NVE for ei søkt planendring. NVE har ikkje starta handsaminga av tre til innmeldte vindkraftverk grunna full stopp i handsaming av nye søknadar. Meldingane som ikkje er handsama endå er Hordavind, Høyangerfjellet- og Grønafjellet vindkraftverk.

Guleslettene vindkraftverk ligg i Kinn og Bremanger kommunar. Kraftverket vart set i drift i 2020. Konsesjonsvedtak kom fyrst i 2014. OED stadfesta vedtaket i 2016. NVE vedtok auka installert effekt for kraftverket i 2017. Guleslettene vindkraftverk er eigd av Guleslettene Vindkraft AS. Planområdet for kraftverket er på omlag 35 km<sup>2</sup>. Dette er det største vindkraftverket i drift i Vestland. Sjølve arealet til tekniske anlegga er ein mindre del av planområdet. De fysiske inngrepa i naturen som vegar, servicehus, trafo og turbinar, er ifølgje Miljødirektoratet si utrekning typisk omlag 2,5 prosent av heile planområdet.

Hennøy vindkraftverk ligg i Bremanger kommune. Hennøy vindkraftverk vart set i drift i 2019. Konsesjonen var gjeve i 2014. Kraftverket er eigd av Falck Renewables Vind AS. Planområdet for kraftverket er på omlag 1,5 km<sup>2</sup>.

Mehuken vindkraftverk ligg i Kinn kommune. Kraftverket vart set i drift i 2015. Mehuken er eigd av Kvalheim Kraft DA. Planområdet for kraftverket er på omlag 1 km<sup>2</sup>.

Midtfjellet vindkraftverk ligg i Fitjar kommune. Vindkraftverket vart sett i drift i 2012. Midtfjellet vindkraftverk er eigd av Midtfjellet Vindkraft AS og planområdet for kraftverket er på omlag 15 km<sup>2</sup>.

Okla vindkraftverk er under bygging i Stad kommune. Kraftverket er eigd av Falck Renewables Vind AS. Planområdet for kraftverket er på omlag 1,5 km<sup>2</sup>.

Lutelandet vindkraftverk er under bygging i Fjaler kommune. Konsesjon vart fyrst gjeve i 2011. Endeleg anleggskonsesjon er gjeve etter ulike planendringar og klagehandsaming i OED i 2020. Kraftverket er eigd av Lutelandet Energipark AS. Planområdet for kraftverket er på omlag 2 km<sup>2</sup>.

Bremangerlandet vindkraftverk ligg i Bremanger kommune. NVE ga fyrst avslag i denne saka i 2015, men OED omgjorde vedtaket etter klagehandsaming i 2017. NVE handsamar no ein endringssøknad i saka. Planområdet for kraftverket er på omlag 7 km<sup>2</sup>.

Dalsbotnfjellet vindkraftverk i Gulen fekk konsesjon i 2013. Vedtaket vart påklaga og vart sendt over til OED for klagehandsaming i 2018. Endeleg vedtak er ikkje fatta. Planområdet for dette kraftverket er på omlag 14 km<sup>2</sup>. Tiltakshavar er Zephyr AS.

Hordavind vindkraftverk er meldt i Modalen, Alver og Masfjorden kommunar i 2019. NVE har ikkje starta handsaminga av meldinga grunna stopp i handsaming av nye meldingar og konsesjonssøknadar. Tiltakshavar er Norsk Vind AS.

Høyangerfjell vindkraftverk er meldt i Høyanger og Sunnfjord kommunar i 2019. Nve har ikkje starta handsaminga av meldinga. Tiltakshavara er Fred Olsen Renewables AS.

Grønafjellet vindkraftverk er meldt i Fitjar kommune i 2019. NVE har ikkje starta handsaminga av meldinga. Tiltakshavar er Midtfjellet Vindkraft AS.

Oppsummert om eigarskap er dei 4 vindkraftverka i drift i Vestland heileigde av norske selskap (Mehuken), to er eigd av eit norsk kraftlag og utenlandske selskap (Midtfjellet og Hennøy), og eitt er eigd av eit utenlandsk selskap (Guleslettene). Av dei to under bygging har eitt norske eigarar (Lutelandet) og eitt norsk eigar saman med utenlandsk eigar (Okla).

Vedtaket som vart fatta i fylkestinget i juni 2020 vart sendt til statsråd Tina Bru, OED og Sogn og Fjordane- og Hordalandsbenken på Stortinget. Fylkeskommunen har ikkje seinare sendt melding til NVE eller OED på bakgrunn av vedtaket i spesifikke vindkraftsaker då det ikkje har vore nye meldingar eller konsesjonssøknadar på høyring i Vestland. Avgrensa høyringar knytt til mindre detaljplanar der konsesjonen ikkje er tema vert hovudsakleg handsama administrativt.